

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg
Dato: 29.04.2025
Tidspunkt: kl. 16:30 - 18:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Geir Stenseth
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen
Åse Marie Myren

Andre som møtte

Ingrid Walstad Larsen
Terje Gundersen-Røvik
Steven Hasseldal
Ingunn O. Stette
Solveig Kvamme

Stilling

Møre og Romsdal Revisjon SA
Møre og Romsdal Revisjon SA
Kommunedirektør
Fungerande kommunalsjef samfunn
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 08/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/25 Rapport forvaltningsrevisjon 2024 - vatn og vassforsyning
- PS 10/25 Bestilling forvaltningsrevisjon personalforvaltning
- PS 11/25 Prosjektplan for eigarskapskontroll 2025
- PS 12/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024
- PS 13/25 Om revisjonsrapport frå kontrollhandling av sluttrekneskap investeringsprosjekt – Brisingstubben

- PS 14/25 Meldingar og skriv
- MS 05/25 Oppdatering om oppfølging etter kontrollhandling om budsjettprosess
- MS 06/25 Nyhetsbrev mars 2025 Forum for kontroll og tilsyn
- MS 07/25 Høyring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder
- MS 08/25 Varsel om eigarmøter 2025 i heileigde selskap

PS 08/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 08/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 09/25 Rapport forvaltningsrevisjon 2024 - vatn og vassforsyning

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 09/25 Vedtak:

Med bakgrunn i revisor sine funn og vurderingar er Ålesund kontrollutval si tilråding til kommunestyret slik:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å

1. evaluere kvifor dei mål som er lagt for sanering av gamle rør ikkje vert nådd, og legge fram ein prioritert oppfølgingsstrategi for å nå måla.
2. forbetre og formalisere rutine innan internkontroll i tråd med dei tilrådingane som kjem fram i rapporten.
3. praktisere internkontrollrutinane slik at det vert ei systematisk oppfølging av drikkevannet ved hendingar knytt til forureining, og som sikrar koordinering og kommunikasjon mellom involverte avdelingar og aktørar.
4. følgje opp rapporten sine merknader om evaluering og læring etter uønskte hendingar

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren sender kontrollutvalet ein framdriftsplan for tiltak i tråd med vedtaket, innan 20. august 2025.

Kontrollutvalet følgjer opp vidare på vegne av kommunestyret.

Behandling i møtet

Forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik gjekk gjennom rapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunedirektøren og konst. kommunalsjef samfunn var invitert til mtet, og fekk svare på spørsmål frå kontrollutvalet før kontrollutvalet drøfta rapporten.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Med bakgrunn i revisor sine funn og vurderingar er Ålesund kontrollutval si tilråding til kommunestyret slik:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å

1. evaluere kvifor dei mål som er lagt for sanering av gamle rør ikkje vert nådd, og legge fram ein prioritert oppfølgingsstrategi for å nå måla.
2. forbetre og formalisere rutineane innan internkontroll i tråd med dei tilrådingane som kjem fram i rapporten.
3. praktisere internkontrollrutineane slik at det vert ei systematisk oppfølging av drikkevannet ved hendingar knytt til forureining, og som sikrar koordinering og kommunikasjon mellom involverte avdelingar og aktørar.
4. følgje opp rapporten sine merknader om evaluering og læring etter uønskete hendingar

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren sender kontrollutvalet ein framdriftsplan for tiltak i tråd med vedtaket, innan 20. august 2025.

Kontrollutvalet følgjer opp vidare på vegne av kommunestyret.

PS 10/25 Bestilling forvaltningsrevisjon personalforvaltning

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 10/25 Vedtak:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Ålesund kommune, sett i lys av den praktiserte stillingskontrollen.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at det vert lagt fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode

- tidsplan
- forventet ressursbruk

Behandling i møtet

Kommunedirektøren var invitert og fekk orientere kort om korleis tilsetningskontrollen i dag vert praktisert.

Kontrollutvalet drøfta temaet og gav innspel til kva områder forvaltningsrevisjonen bør sjå nærare på. Når prosjektplanen ligg føre på neste møte, vil kontrollutvalet sjå nærare på problemstillingane revisor foresler.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Ålesund kommune, sett i lys av den praktiserte stillingskontrollen.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at det vert lagt fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventet ressursbruk

PS 11/25 Prosjektplan for eigarskapskontroll 2025

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 11/25 Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å utsetje planlagt eigarskapskontroll. Kontrollutvalet har vurdert endring av risiko og vesentlegheit, og ynskjer å omprioritere rekkefølga på sine kontrollhandlingar. Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram til ny vurdering når kontrollhandlingane for 2026 skal bestillast.

Behandling i møtet

Nytt fellesforslag om utsetting av eigarskapskontrollen, foreslått av Svein Rune Johannessen: *Kontrollutvalet vedtek å utsetje planlagt eigarskapskontroll. Kontrollutvalet har vurdert endring av risiko og vesentlegheit, og ynskjer å omprioritere rekkefølga på sine kontrollhandlingar. Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram til ny vurdering når kontrollhandlingane for 2026 skal bestillast.*

Med bakgrunn i at kontrollutvalet i forrige sak, med utgangspunkt i endra risiko og vesentlegheit, vedtok at det er ein forvaltningsrevisjon som no bør prioriterast, vert eigarskapskontrollen sett på vent.

Votering: Nytt forslag til vedtak vart samrøystes vedteken

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval bed Møre og Romsdal revisjon SA om å gjennomføre ein eigarskapskontroll i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursramme som er skissert i prosjektplanen.

Utvalet ber sekretariatet halde dialogen med revisor undervegs, og kvalitetssikre at moment som utvalet vart samde om i møtet, vert tatt med i arbeidet med kontrollhandlinga. Utvalet vil bli orientert om der er behov for vesentlege endringar langsmed.

Kontrollutvalet bed om at ferdig rapport vert sendt sekretariatet seinast 19. august, slik at utvalet kan behandle den i sitt møte 2. september 2025.

PS 12/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 12/25 Vedtak:

Årsmelding 2024 for Ålesund kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Årsmelding 2024 for Ålesund kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

PS 13/25 Om revisjonsrapport frå kontrollhandling av sluttrekneskap investeringsprosjekt - Brisingsstubben

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 13/25 Vedtak:

Kontrollutvalet merkar seg at revisor rapporterer at der ikkje var negative funn, og tek revisjonsrapporten til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet merkar seg at revisor rapporterer at der ikkje var negative funn, og tek revisjonsrapporten til vitande.

PS 14/25 Meldingar og skriv**MS 05/25 Oppdatering om oppfølging etter kontrollhandling om budsjettprosess**

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 05/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

MS 06/25 Nyhetsbrev mars 2025 Forum for kontroll og tilsyn

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 06/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/25 Høyring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemdar

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 07/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 08/25 Varsel om eigarmøter 2025 i heileigde selskap

Ålesund kontrollutval 29.04.2025

ÅKOU 08/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Desse datoane er kjent på noverande tidspunkt. Ingen av møta vert streama.

Åleund parkering AS måndag 12. mai kl. 10-11

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS torsdag 22. mai kl. 12 **NB** ny dato!

Sørsida utvikling AS tirsdag 03. juni kl. 15

Brisk AS tirsdag 17.juni kl. 08.30

Vekst Ålesund AS tirsdag 17.juni kl. 09.30

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.